



Aleksander Hjelmtveit
SEIMSLEITET 39A
5912 SEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/425 - 22/11599

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.02.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 171/5 Seim

Tiltak: Tilbygg/driftsbygning
Byggjestad: Gbnr: 171/5
Tiltakshavar: Aleksander Hjelmtveit
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan må vise vegtrase, snuarealet med avstand til regulert verneområde SP3, SP5 og OG3- offentlig gangveg.



2. Administrasjonen meiner at det er avstand på 5,086 meter frå B3 til SP område då tilbygget har lengde på 6,5 meter og krev dispensasjon frå plan-og bygningslova frå både planføremål SP3, 5 - verneområda, det kan kanskje krevje dispensasjon frå OG3 -offentleg gangveg dette må målast og avklarast. Slik administrasjonen ser utifrå teikningar at port ligg mot trondheimske veg og køyring skal danne konflikt med regulert offentleg gangveg OG3. Tiltaket krev dispensasjon frå planføresegn nedanfor:

5.3 Offentleg gangveg

På gangvegar er køyring med motorvogn ikkje tillatt med unntak av naudsynt køyring for vedlikehald.

3. Det ser slik ut at tiltaket krev dispensasjon frå Kulturminnelova, jf. reguleringsplan føresegn pkt. 3.3. Den skal handsamast av Vestland fylkeskommune.
4. Teikningar må vise gammalt bygg og nytt tilbygg samanhengande, nye fasade, snitt, planteikningar skal sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.03.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsaming får 4 vekers lengre handsamingstid då den skal sendast til Fylkeskommune sin konservator til uttale. Sakshandsamingstid startar frå tidspunktet når saka er komplett og klar til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aleksander Hjelmtveit

SEIMSLEITET 39A

5912 SEIM